

G-nøkkelen

Eg har nettopp stått opp,
på bordet står ein rykande kopp
Eg ser dagen blir fin,
kan slutte han av
med eit glas med vin
Reiser meg opp
og dreg ifrå mi gardin
Lyset slepp inn,
ute står du,
spør kva vi skal finne på
... ein slik morgon

Eg går fort ned ei trapp,
og låser opp, vi snakkar om kapp
...først du: Eg stakk innom,
så kle deg no kvikt,
raske på og kom,
eg ventar deg nede på
vår kafé,
til morgonte,
og ein prat rundt
livet og døden og sånn
... ein slik morgon

Vi set oss ned i lag,
i same hjørnet vi sit kvar dag
og eg dreg fram eit rim,
du skjenkar ein kopp ,
eg blir reint sublim,
du smiler breitt,
hevdar at stor poesi
tar litt meir tid,
bortimot ein kvarters tid
tar det nok minst
.... ein slik morgon

Eg trur eg er ganske lettrima i dag
Eg er rett og slett i rimeslag
Ser ein g-nøkkel dingle sølvskimrande lett
mellom vårbrune bryst som syng duett,
ein duvande song av Bjørn Eidsvåg-type
Det blir så bra at du sikkert må klype
deg i armen

Vi vart vennleg vist bort
vår poesi var uønska sport
...vi lo, kniste og kvein,
og skremde ein fugl
som sat på ei grein,
gikk hand i hand
gjennom ein soldryssa park,
med blanke ark,
klare for rim,
slike vi kan nynne på
... til i morgon